



Miljøverndepartementet
Postboks 8013 Dep
0030 Oslo

Dykkar ref.:

Vår ref. (oppgje ved svar):
2012/14250 NAT-NP-HL
Arkivkode:
364.4/423.5/12

Dato:
19.06.2013

Tilråding i klagesak om nydyrking i Hattebergsdalen landskapsvernområde

Vi viser til Folgefonna nasjonalparkstyre sitt vedtak 21. september 2012 om nydyrking og klage frå Fylkesmannen i Hordaland 1. november 2012. Saka ble sendt til direktoratet 12. mars 2013.

Miljøverndepartementet er klageinstans på nasjonalparkstyret sitt vedtak. Direktoratet for naturforvaltning førebur handsaminga av klagen for departementet.

Direktoratet tilrår Nasjonalparkstyret for Folgefonna nasjonalpark sitt vedtak 21. september 2012 vert oppretthalde og at klagen ikkje vert tatt til følge.

Bakgrunnen for saka

Sigurd Hatteberg (eigar av gnr. 87/bnr. 2) søkte 10. februar 2012 Kvinnherad kommune om nydyrking av eit areal på 5 dekar. Hatteberg driv med produksjon av mjølk og kjøtt (63 dyr totalt). Økonomiske og driftsmessige fordelar ved tiltaket er at det blir mindre behov for å kjøpe rundballar for produksjon av mjølk. Det er inngått leigeavtale for aktuelt areal fram til 1. september 2029. Kvinnherad kommune har i brev 15. februar 2012 bedt om uttale i saka frå Fylkesmannen i Hordaland og Hordaland fylkeskommune. Fylkesmannen har i uttale peika på at aktuelt areal er ein lokalitet med naturbeitemark av lokal verdi og at omsynet til denne må verte vurdert opp mot behovet for nydyrking, samt at saka må verte vurdert i forhold til om tiltaket krev løyve etter verneforskrifta for Hattebergsdalen landskapsvernområde. Fylkeskommunen peiker på at det må tas omsyn til ein «stor mura uteflor med skifertak» mindre enn 10 m frå aktuelt areal.

Nasjonalparkforvaltar har i brev 14. juni 2012 til kommunen uttalt at naturmangfaldlova § 12 set krav til vurdering av kva for lokalisering tiltak skal ha. Det er peika på at det av søknaden ikkje er vurdert om alternative område utanfor verneområdet kan verte nytta til nydyrking. Kvinnherad kommune uttalte i brev 15. juni 2012 at kommunen hadde vore i kontakt med grunneigar, som gir klart uttrykk for at han ikkje ser noko alternativt areal. Arealet på garden er dyrka opp og resterande areal er svært brattlendt og såleis ueigna. Det er dyrka areal på to sider av arealet og det har heile tida vore planen at dette arealet skulle dyrkast.

Besøksadresse:
Brattørkaia 15
Postadresse:
Postboks 5672 Sluppen
N-7485 Trondheim

Telefon:
73 58 05 00
Telefaks:
73 58 05 01

Videokonf:
73 90 51 40

Internett:
www.dirnat.no
E-post:
Postmottak@dirnat.no

Sakshandsamar:
Hege Langeland
Telefon:
92 25 57 38



Nasjonalparkforvaltar tilrår å avslå søknaden fordi tiltaket blir vurdert å vere i strid med verneføremålet om å verne om viktige kulturlandskap og kulturminne. I saksutgreiinga går det fram:

«I følgje Tore Eik ved landbruksavdelinga i Kvinnherad kommune er jordbruket i kommunen inne i ein svært positiv trend, det som er negativt er at det i deler av kommunen er vanskeleg å skaffe ekstra areal. Men det kjem ikkje fram om det er tilgang på for andre stader i kommunen.

Hattebergsdalen landskapsvernområde vart oppretta for med anna å verne om verdifulle kulturlandskap og kulturminne, og det er i følgje forvaltningsplanen eit mål at kulturlandskapet i nedre deler av dalen skal haldast i hevd utan nemnande nye tekniske inngrep.

Det er ikkje heimel i verneforskrifta for Hattebergsdalen til å gje løyve til nydyrking i landskapsvernområdet, men forvaltingsstyresmakta kan gje dispensasjon etter § 48 i naturmangfaldlova dersom tiltaket ikkje er i strid med vernevedtaket sitt føremål og ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig.

Sekretariatet ser det som lite truleg at framtidige søknader om nydyrking i landskapsvernområda ikkje vart vurdert ved vernetidspunktet. I vernevedtaket er det kum opna for rydding av innmarksbeite.

Sekretariatet meiner tiltaket er i strid med vernevedtaket sitt føremål om å bevare viktige kulturlandskap og kulturminne.

Forvaltningsplanen seier:

«I nedre delar av sjølve Muradalen er landskapsvernområdet til dels sterkt prega av lang tids landbruksdrift, og kulturlandskapet er ein viktig estetisk kvalitet ved verneområdet.»

«Område som tidlegare ikkje har vore gjødsla skal ikkje gjødslast.»

Det er eit mål at kulturlandskapet i nedre delar av verneområdet skal haldast i hevd utan nemnande nye tekniske inngrep, og ei utfordring er å oppretthalde beitetrykket i området, utan nye, større tekniske inngrep. Det omsøkte arealet grensar både til fulldyrka areal og innmarksbeite. Området har ein estetisk verdi fordi det er med på å skape eit heilskapleg inntrykk av kulturlandskapet i Hattebergsdalen. Det omsøkte arealet har også ein visuell verdi når ein ser det i samanheng med Baroniet i Rosendal si steinløe (Sjenefloren) som teigen grensar mot.

Skal ein sjå på det omsøkte arealet isolert sett, kan ein jo diskutere om nydyrking av 5 dekar er å rekne som eit inngrep som vil påverke kulturlandskapet i Hattebergsdalen nemneverdig. Men nasjonalparkstyret bør særleg vurdere konsekvensane av ein eventuell dispensasjon. Viss det er så stort press på landbruksareal i området som det Kvinnherad kommune gjev uttrykk for, er det truleg at det vil koma fleire søknader om nydyrking i Hattebergsdalen landskapsvernområde i framtida. Sekretariatet vil minne om mulig presedens.

Sekretariatet meiner også at det ikkje har kome godt nok fram i søknadsprosessen om det er gjort eit arbeid for å finne alternative areal utanfor verneområda. --- Kvinnherad kommune har gjeve uttrykk for at det er vanskeleg med tilgjengeleg areal i området, men det er uklart kva dette betyr reint konkret, og kva som har vore gjort for å finne alternativ til arealet i Hattebergsdalen.»

Nasjonalparkstyret vedtok 21. september 2012 å gi Sigurd Hatteberg løyve til nydyrking i Hattebergsdalen landskapsvernområde etter naturmangfaldlova § 48.

Fylkesmannen i Hordaland klaga på vedtaket 1. november 2012. Fylkesmannen meiner tiltaket vil verke inn på vesentlege verneinteresser og vere i strid med verneformålet. Fylkesmannen viser og til at



vedtaket ikkje er grunngeve i tråd med krav i naturmangfaldlova § 48, og meiner på denne bakgrunn av vedtaket er ugyldig. Fylkesmannen uttalte dette om tiltaket sin verknad på verneformålet:

«Fylkesmannen meiner omgjerung av beiteområde til fulldyrka mark vil påverke opplevingsverdien og kulturlandskapet i landskapsvernområdet. Aktuelt areal ligg sentralt ved inngangen til verneområdet, der ein ser innover heile dalføret. Tiltaket vil vere synleg der det ligg i eit relativt smalt og lite dalføre. Kulturlandskap og opplevingskvalitetar er viktige delar av verneformålet. Drift av landbruksareal skal skje innafør ramma av vernereglane og forvaltningsplanen, og beiting er viktigaste driftsmåte. Å auke område med fulldyrka areal ytterlegare innafør verneområdet vil påverke landskapet sin art eller karakter negativt.»

I klagen er det vidare peika på at nasjonalparkstyret ikkje har vurdert vilkåra i § 48, samt prinsippa i naturmangfaldlova §§ 8 – 12. Opplysningane i saka er etter fylkesmannen sitt syn ikkje tilstrekkeleg til å slå fast at det ikkje er anna areal utanfor verneområdet som kan dekke behovet.

Styreleiar har i samband med handsaminga av klagen grunngeve løyvet ytterlegare:

«Det er mangel på dyrka mark, det er mangel på beite slik eg har fått opplyst i saka. I Rosendal har det kome ekstramidlar frå Fylkesmannen (Landskap i drift). Midlane skal nyttast frå Hattebergselva til Seim. Det vert og nytta SMIL-midlar. Midlane går til rydding av beite, gjerde, turstiar, skilting, kverna på Seim, Skjeneflorane og stølen til Baroniet. I bygda er det kome ny fjøs hjå Torkjel Nerhus. Det vert arbeid med planar om nytt sauehus på Avlsgarden. I samarbeid med Universitet for Miljø og Biovitenskap på Ås er det sendt søknad til Forskningsrådet om eit prosjekt på sau. Får ein dette til kan deler av eit stort internasjonalt forskningsprosjekt bli lagt til Avlsgarden. Sigurd Hatteberg og familien hans ynskjer å byggja ny moderne driftsbygning på garden. For å få dette til så må dei auka grovforarealet. Ein ny driftsbygning vil vera svært viktig for å oppretthalda dyretalet og landbruket i området. Når det gjeld arealet som er tenkt dyrka så ligg det like innanfor grensa, det har dyrka areal på to sider. I dag er det beite som vert nedbeita, det er ikkje tre, berre vanleg beitegrasmark. Dyrkinga som skal gjerast er å rista stein ut av arealet og så igjen. Steinen vert delvis køyrt vekk, delvis graven ned. Det er slik me ser det heilt avgjerande at skal ein ta vare på kulturlandskapet så må ein og oppretthalda landbruket og ikkje minst ein må støtta og ta vare på dei som kan tenkja seg ei framtid i landbruket. Eit positivt vedtak slik Nasjonalparkstyre gjorde vedtak om 21 sept. 2012 i sak om nydyrking i Hattebergsdalen er ei støtte til framtidig landbruk i området. Gevinsten for samfunnet er at det gode kulturlandskapet vi har, vert teke vare på.»

Nasjonalparkstyret har vurdert klaga, men oppretthaldt 25. januar 2013 tidlegare løyve. Styret har grunngeve vedtaket slik:

«I Konsekvensutgreiinga (KU) for Folgefonna nasjonalpark og landskapsvernområda rundt, går det fram at innanfor grensene for verneområdet er det 42 dekar fulldyrka mark og 635 da innmarksbeite. Heile landskapsvernområdet er rundt 15 km². Her er det snakk om at 5 da vert omdisponert frå innmarksbeite til fulldyrka mark. Overgangen mellom fulldyrka areal, overflatedyrka og



innmarksbeite er glidande. I KU vert det ikkje skilt mellom fulldyrka og overflatedyrka areal, og ein del av dette arealet vert og i dag nytta som beite.

I Forvaltningsplanen for Hatteberg landskapsvernområde heiter det i kap. 8.4 Brukarinteresser, at ei av utfordringane for verneområdet er: "Å oppfylle verneføremålet samtidig som landbruksnæringa kan halda fram på ein måte som tek vare på dei aktive gardbrukarane og fører til lokal sysselsetjing, verdiskaping og trivsel."

Nasjonalparkstyret si vurdering etter § 48 i naturmangfaldlova:

I følge naturmangfaldlova § 48, 1. ledd kan forvaltningsmyndigheten kan gjere unntak frå eit vernevedtak dersom det ikkje er i strid med vernevedtaket sitt føremål og ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig.

Styret ser ikkje at tiltaket er i strid med verneføremålet. Dyrka marka er ein del av den variasjonen som skapar opplevingskvaliteten i området. I eit så stort område som dette vert heilskapen berre marginalt påverka av ei endring som dette ved at under 1% av innmarksbeitet i Hattebergsdalen vert gjort om til dyrka marka. Vi meiner difor at dette inngrepet ikkje er "vesentleg" i høve til § 3 pkt. 1.1 i verneforskrifta.

Opplevinga av kulturlandskapet nedst i Hattebergsdalen er sterkt knytt til landbruket og deira bruk av areala. Søkjar er mjølkebonde og brukar dalen som beiteområde for dyra sine, og er med dette med på oppretthalde det kulturlandskapet som ein har ynskt å verne, samtidig som desse dyra har behov for meir vinterfôr.

Eit veldrive og velstelt kulturlandskap gir etter vår meining ein større opplevingskvalitet enn eit kulturlandskap i forfall. For å møte den utfordringa som forvaltningsplanen peikar på om å kombinera vern med det å sikra landbruksnæringa og ta vare på dei aktive gardbrukarane som igjen sikrar lokal sysselsetjing, verdiskaping og trivsel, meiner ein dette er eit tiltak som kombinerer dei to omsyna på ein god måte.

Andre tilhøve som det er lagt vekt på i vurderingane:

- For biologisk mangfald, er det ut frå KU ingen konflikt i høve til dette.
- Det er det heller ikkje i høve til kjende kulturminne, som sommarfjøs og steingjerde.
- Arealet ligg nedst i landskapsvernområdet, og kulturlandskapet framtrer som einsarta på begge sider av grensa, og det kan såleis vera litt tilfeldig at grensa går akkurat der ho går.
- Areal er påverka av memmeskeleg aktivitet frå før. Forutan landbruket, er det veg gjennom dalen og det er kraftutbygging og vassforsyningsanlegg i området.
- Det omsøkte arealet ligg inntil veg, og det er fulldyrka areal på motsett side av vegen.
- Søkjar/landbruksmynde opplyser om at det i området er rikeleg med beite, men knapt med fulldyrka areal.
- Landbrukskontoret hjå Kvinnherad kommune opplyser at så godt som heile det flate arealet innover dalen er eigd av Baroniet Rosendal. Dei har bra med fulldyrka areal nede ved avlsgarden og treng Hattebergsdalen som beite. Det er såleis lite fare for «bit for bit» forvaltning av landskapsvernområdet.»



Direktoratet si vurdering

Rettsleg grunnlag

Etter forvaltningslova § 29 er fristen for å klage 3 veker frå da underretninga om vedtaket kom fram til den som har klagerett. Nasjonalparkstyret sitt vedtak blei sendt ut 9. oktober 2012. Fylkesmannen har opplyst at vedtaket fyrst blei feil journalført. Orientering om vedtaket kom fram til rette instans gjennom journalføring 31. oktober 2012. Direktoratet legg til grunn at utgangspunktet for fristen er 31. oktober 2012, og at det er klaga i rett tid.

Miljøverndepartementet kan prøve alle sider av saka, også nasjonalparkstyret si skjønnsmessige vurdering, jf. forvaltningslova § 34 andre ledd.

Føremålet med Hattebergsdalen landskapsvernområde går fram av forskrift 29. april 2005 nr. 392 § 2:

«*Formålet med Hattebergsdalen landskapsvernområde er å:*

- *ta vare på eit eigenarta og vakkert naturområde med store opplevingskvalitetar knytt til heilskapen og variasjonen i naturen frå dalføret opp mot høgfjellet*
- *sikre viktige geologiske førekomstar og biologisk mangfald*
- *sikre verdfull vassdragsnatur*
- *verne om verdfulle kulturlandskap og kulturminne.*

Ålmenta skal ha høve til naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt og enkelt friluftsliv utan særleg teknisk tilrettelegging.»

Verneforskrifta § 3 pkt. 1.1 forbyr tiltak som kan påverke verneverdiane, mellom anna er det eit forbod mot nydyrking. Det er opna for å kunne gi løyve til rydding av innmarksbeite etter pkt. 1.3 e), men ikkje nydyrking. Tiltaket blir derfor vurdert etter naturmangfaldlova § 48 (jf. overgangsreglane i naturmangfaldlova § 77), slik nasjonalparkstyret har gjort. Når det gis løyve etter § 48 skal det i grunngevinga av vedtaket gå fram korleis tiltaket kan påverke verneverdiane og kva for vekt det er lagt på dette. Lova krev at slik grunngeving skal gis samstundes med løyvet.

Etter naturmangfaldlova § 7 skal dei miljørettslege prinsippa i naturmangfaldlova §§ 8 – 12 vere retningslinjer ved handsaminga av saka. Det skal gå fram av vedtaket korleis prinsippa er vurdert og vektlagt i saka.

Sakshandsamingsfeil

I saksutgreiinga går det fram korleis nasjonalparkforvaltar vurderer at tiltaket vil verke inn på verneverdiane og verneformålet. Nasjonalparkforvaltar meiner tiltaket er i strid med verneformålet og har innstilt på avslag i saka. Styret ga løyve utan at det går fram av vedtaket korleis styret har vurdert naturmangfaldlova § 48 og dei miljørettslege prinsippa i naturmangfaldlova §§ 8 -12. Vedtaket oppfyller derfor ikkje naturmangfaldlova sine krav til grunngeving, jf. ovanfor.

Styreleiar og styret har i etterkant, i samband med klagesaka, gjeve ei nærare vurdering av korleis dei vurderer at tiltaket vil verke inn på verneverdiane og verneformålet. Styret meiner at tiltaket ikkje er i strid med verneformålet og berre vil innebere mindre påverknad på verneverdiane.



Manglande grunngeving av vedtaket da det blei fatta, kan gi indikasjonar på at styret ved handsaming av saka ikkje har vurdert og lagt tilstrekkeleg vekt på korleis nydyrkinga verker inn på verneformålet og verneverdiane. Direktoratet har vurdert om manglande grunngeving av løyvet kan ha påverka utfallet i saka. Direktoratet viser til grunngevinga som er gitt i samband med klagesaka og finn etter ei konkret vurdering at det er lite truleg at feilen har virka inn på innhaldet i vedtaket. Vedtaket er difor ikkje ugyldig på grunn av denne sakshandsamingsfeilen, jf. forvaltningslova § 41.

Direktoratet legg vidare til grunn at grunngevinga no er tilstrekkeleg for å ivareta dei krava som følgjer av naturmangfaldlova § 48 og §§ 8-12. Direktoratet legg til grunn at det for tiltakshavar er vanskeleg å finne alternative område for dyrking, sjølv om dette kunne vore ytterlegare undersøkt eller dokumentert.

Bruk av naturmangfaldlova § 48

Fylkesmannen meiner at tiltaket er i strid med verneformålet og vesentlege verneinteresser.

Direktoratet forstår klaga slik at fylkesmannen meiner det ikkje er heimel i naturmangfaldlova § 48 for å gi løyve til nydyrking. Direktoratet går derfor over til å vurdere om § 48 gir heimel for vedtaket.

Etter § 48 kan det gis løyve til tiltak når det ikkje er i strid med verneformålet og tiltaket ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig. Begge vilkåra må vere oppfylt for å kunne gi løyve etter § 48. Nydyrking vil ofte vere i strid med verneformålet for eit landskapsvernområde fordi det påverkar landskapet. Det må samstundes vurderast konkret i det einskilde tilfellet om tiltaket som det er søkt om er i strid med verneformålet. Relevante omsyn er:

- omfanget av nydyrkinga, dvs. kor stort er arealet som skal dyrkast
- kva for naturverdiar verker dyrkinga inn på
- korleis karakter og særpreg området har
- korleis landskapet blir endra med dyrkinga og kor stor endringa er sett opp mot verneformålet

Direktoratet bygger på kunnskapsgrunnlaget som er i saka og finn at denne er i tråd med de krava som følgjer av naturmangfaldlova § 8. Tiltaksområdet er innmarksbeite utan skog. Det er eit forholdsvis flatt område med ein del stein i overflata. Det føreligg ikkje informasjon om artsmangfaldet på det aktuelle arealet. Det aktuelle området grensar til areal med dyrka mark og til anna innmarksbeite. Området ligg i den nedre delen av landskapsvernområdet kor påverknaden frå landbruket er størst. Dette området er prega av lang tids landbruksverksemd og er det området i dalen der det er mest fulldyrka mark. Det er ein naturtypelokalitet (naturbeitemark) vekta til «lokal verdi» i nærleiken av det omsøkte nydyrkingsarealet. Naturtypen er registrert i Naturbase der det går fram at lokaliteten er artsfattig og utan funn av spesielt kravfulle eller interessante artar. Direktoratet legg til grunn at nydyrkinga i liten grad vil påverke denne lokaliteten. Nydyrking vil innebere at området blir gjødsla, men gjødsla av det dyrka arealet vil mest sannsynleg ikkje påverke naturbeitemarka fordi området drenerer ned mot vegen. Det er og usikker om den registrerte naturbeitemarka har vore gjødsla tidlegare.

Det er 42 dekar dyrka (fulldyrka og overflatedyrka) mark i nedre del av Hattebergdalen (Muradalen), og 635 dekar innmarksbeite (Bøthner & Rolland 2003).

Styret meiner tiltaket ikkje strir mot verneformålet og har vist til at dyrka mark er ein del av variasjonen som skapar opplevingskvalitet i området. I eit så stort område blir heilskapen berre marginalt påverka, når under 1 % av innmarksbeitet i Hattebergdalen blir gjort om til dyrka mark.



Styret meiner inngrepet difor ikkje er vesentleg i høve til verneforskrifta § 3 pkt. 1.1. Direktoratet vil peike på at sjølv om nydyrkinga ikkje gir ei vesentlig endring av landskapet sitt særpreg eller karakter, er tiltaket forbode etter verneforskrifta § 3 pkt. 1.1. Kor vesentleg endringa er, er eit viktig moment i vurderinga av om tiltaket er i strid med verneformålet og påverkar verneverdiane nemneverdig. Sjølv om det kan vere opplevingskvalitet knytt til samanheng mellom dyrka mark og kulturlandskapet, er dyrka mark ikkje ein del av verneformålet.

Direktoratet legger i vurderinga vekt på den samla belastninga tiltaket vil gi i området, jf. naturmangfaldlova § 10. Det inneber at det er tatt omsyn til dyrka marka som er i område og Muradalen kraftverk sine installasjonar (demningar og røyr-gater) inst i dalen. Kraftverka sine installasjonar ligg inst i dalen, mens aktuelt tiltak ligg i samband med kulturlandskap og dyrka mark lengre ned i dalen. Sjølv om inngrepa ikkje ligg tett på einannan, er dei saman med på å redusere naturverdiane som nemnt verneformålet. Direktoratet legg til grunn at det er lite sannsynleg med fleire søknader om dyrking av ytterlegare areal i landskapsvernområdet i framtida, jf. styret sine uttaler. Med dei inngrepa som ligg i landskapsvernområde i dag, vil nye inngrep fort kunne redusere naturverdiane i landskapsvernområde i ein slik grad at nye tiltak blir i strid med verneformålet.

Direktoratet legg til grunn at ei endring frå innmarksbeite til fulldyrka mark inneber ei endring av landskapsbiletet på den staden tiltaket skal gjennomførast og vil vere synleg og påverke landskapet også i eit større landskapsrom i dalen. I forarbeidene til naturmangfaldlova står det at det berre er mogleg å gi dispensasjon når tiltaket har liten verknad for verneverdiane. Eit areal på 5 dekar er relativt lite sett i dyrkingssamanheng. At andelen dyrka mark blir noko auka gir ei endring i landskapet, men landskapet sin karakter og særpreg som eit kulturlandskap vil ikkje bli nemneverdig endra.

Direktoratet har vore i tvil om tiltaket er *i strid med verneformålet* og kan påverke verneverdiane *nemneverdig*, iom at desse vilkåra er relativt strenge. Tatt i betraktning at dyrkingsarealet er relativt lite og ligg nært opp til eksisterande dyrka areal (på 3,3 og 6,9 dekar), finn direktoratet at tiltaket ikkje er i strid med verneformålet og heller ikkje påverkar verneverdiane nemneverdig. Direktoratet finn derfor at vilkåra for å gi dispensasjon er oppfylt.

I vurderinga av om det skal gis dispensasjon har styret lagt vekt på tiltakshavar sine behov og omsynet til jordbruksdrifta og at denne drifta er viktig for å oppretthalde kulturlandskapet i Hattebergdalen landskapsvernområde. Direktoratet meiner vedtaket ligg innafor styret sitt skjønnsrom og ikkje vil gi uheldig presedens for etterfølgjande sakar. Saka gir ikkje ei generell opning for å tillate nydyrking etter naturmangfaldlova § 48 i slike område. Det er ikkje rom for ein omfattande dispensasjonspraksis i Hattebergdalen landskapsvernområde, da dette på sikt vil kunne uthole verneformålet. Direktoratet har i saka her lagt særleg vekt på at det er dyrka mark i nærområdet frå før og at nydyrkinga berre gir ei mindre endring i dyrka areal i landskapsvernområdet. Direktoratet tilrår at nasjonalparkstyret sitt vedtak blir oppretthalde.

Direktoratet si tilråding



Direktoratet tilrår at klagen ikkje vert tatt til følge og at Nasjonalparkstyret for Folgefonna nasjonalpark sitt vedtak 21. september 2012 vert oppretthalde.

Med helsing

Direktoratet for naturforvaltning

Dette dokumentet er elektronisk godkjent, og har derfor ingen signatur.

Berit Lein

Direktør avdeling for naturbruk og vern

Olav Nord-Varhaug

Kopi til:

Folgefonna	Postboks 7310	5020	BERGEN
nasjonalparkstyre			
Sigurd Hatteberg	Baronivegen 69	5470	ROSENDAL
SNO Rosendal	Postboks 5672 Sluppen	7485	TRONDHEIM
Fylkesmannen i Hordaland	Postboks 7310	5020	Bergen

Vedlegg